



Norges vassdrags- og energidirektorat

Dato: 11.12.2014
Vår ref.: 2014/20310-5
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Fråsegn om Lussand kraftverk i Granvin herad

Vi viser til brev dagsett 22. august 2014 der Hordaland fylkeskommune er bedden om å gje fråsegn om Voss Energi sin søknad med planendring for Lussand kraftverk i Granvin herad. Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 287/14 på møte 4. desember 2014 og vedtok følgjande fråsegn:

1. *Fylkesutvalet rår til utbygging av Lussand kraftverk.*
2. *Undersøkingssplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.*
3. *Inngrep må ikkje påverke fosseberget i Stølselvi.*

Vedlagt følgjer saksframlegg og protokoll frå møte i Fylkesutvalet 4. desember og Kultur- og ressursutvalet 2. desember.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/20310-3
 Saksbehandlar: Tale Halsør og Lars Øyvind Birkenes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	166/14	02.12.2014
Fylkesutvalet	287/14	04.12.2014

Fråsegn om Lussand kraftverk i Granvin kommune

Samandrag

Voss Energi og grunneigarane på Lussand ønskjer å nytte Støselvi og Hedlarelvi i Granvin kommune til kraftproduksjon. Prosjektet vil overføre vatn frå Hedlarelvi til Støselvi over fossane, noko som vil auke vassføringa i Støselvi ned til inntaket under fossen i Støselvi. Prosjektet vil gi ein årleg kraftproduksjon på om lag 5 GWh.

Saka har vore handsama tidlegare og fylkeskommunen rådde i 2007 til utbygginga. Prosjektet fekk avslag av NVE grunna store landskapsverdiar i området og funn av ein sårbar lav-art. Dette er ei planending på den opprinnelege søknaden, der utbyggarane søker å dempe konfliktnivået, ved å leggje inntaket under fossen i Støselvi slik at denne vert oppretthalden og styrkt som landskapselement, og skjerme førekomsten av flatsaltlav.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til utbygging av Lussand kraftverk
2. Undersøkingssplikta etter §9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.
3. Inngrep må ikkje påverke fosseberget i Støselvi.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.12.2014

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak:

«1. Fylkesutvalet rår ifrå utbygging av Lussand kraftverk.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 8 røyster mot Tomren sitt forslag som fekk 5 røyster (MDG og A) og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet rår til utbygging av Lussand kraftverk

2. Undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven må oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.
3. Inngrep må ikkje påverke fosseberget i Støselvi.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014

Innstillinga vart vedteken mot 1 røyst (SV).

Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til utbygging av Lussand kraftverk.
2. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.
3. Inngrep må ikkje påverke fosseberget i Støselvi.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Fotografi av vassdraget

Fylkesrådmannen, 11.11.2014

1. Innleiing

Det ligg føre søknad om løyve til å byggje Lussand kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner, og å overføre vatn frå Hedlarelvi til Støselvi i Granvin kommune. Søkjar er grunneigarane på Lussand i samarbeid med Voss Energi.

Prosjektet er ei planendring frå ein tidlegare søknad. Denne vart handsama av NVE i 2007 og Hordaland fylkeskommune kom med fråsegn. Fråsegna vart gjeve på grunnlag av Fylkesdelplan for Energi 2001-2012. Denne er no erstatta med Fylkesdelplan for små vasskraftverk for Hordaland 2009-2021. I tillegg er det kome fram nye opplysingar i saka og endringane i prosjektet er av eit slikt omfang at vi vel å handsame saka på nytt.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern (4.2). Vidare er søknaden vurdert mot Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 med tilhøyrande retningslinjer.

2. Søknaden



Figur 1 Raud strek syner overføring frå Hedlarelvi til Stølselvi. Blå sirkel er inntaket i Stølselvi. Blå firkant er kraftstasjon og utløp ved Hardangerfjorden.

Kraftverket vil nytte fallet i Stølselvi og Hedlarelvi til ein årleg produksjon på 5 GWh. Det vil vere ei overføring i nedgravd røyr på 250 meter frå kote 430 i Hedlarelvi til Lomtjørne ved kote 383 som renn ut i Stølselvi. Røyret vil leggjast langs eksisterande traktorveg. Vatnet vil så renne ned Stølselvi til kote 149 der det er inntak. Det vil etablerast om lag 10 meter lang betongdam ved inntak i både overføring og hovudinntak. Frå hovudinntaket vil vatnet gå i nedgravd vassveg, delvis langs skogsvegen, fram til kraftstasjonen ved fjorden. Totalt vil 450 meter av Stølselvi og 1200 meter av Hedlarelvi få endra vassføring som følgje av tiltaket. Minstevassføringa i Stølselvi vil vere 0,05 m³/s sommar og 0,012 m³/s vinter. I Hedlarelvi vil minstevassføringa vere 0,5 m³/s sommar og 0,2 m³/s vinter. Prosjektet har ein venta kostnad på 20 mill. kr. som gir ein utbyggingspris på 3,95 kr/kWh. Det er i dag ikkje nettkapasitet til å ta i mot krafta frå Lussand kraftverk.

Kva er endra?

I den opprinnelege søknaden var det planar om inntak ved kote 378 og å nytte alt vatnet i begge elvane. Det ville gi ein produksjon på 15 GWh årleg. Søknaden fekk avslag grunna fossane sin verdi for fjordlandskapet og funn av ein sjelden og truga lav-art. I denne søknaden er difor hovudinntaket flytta ned til kote 149, det vil seie under fossane i Støls- og Hedlarelvi. Det er i tillegg planlagt å overføre vatn frå Hedlar- til Stølselvi overfor fossane og slik gjere fossen i Hedlarelvi mindre, medan fossen i Stølsevi vert større. Bakgrunnen for denne vurderinga var at fossen i Hedlarelvi er eit landskapselement også ved små vassføringar, medan fossen i Stølselvi misser sin verdi ved middels til små vassføring (sjå meir under «verknader» og bilete i vedlegg).

3. Verknad for natur og samfunn

Venta verknader slik dei er skissert i søknaden og tilhøyrande rapport om naturverdiar frå Rådgivende biologer.

3.1. Landskap og inngrepsfrie område (INON)

Fossane som er synlege i fjordlandskapet skal ikkje byggjast ned, men ein ynskjer å flytte vatn frå fossen i Hedlarelvi til fossen i Stølselvi. Med bakgrunn i fossane sine ulike karakterar meiner søkjar at tiltaket vil bidra til å auke den totale intrykkstyrken i det samla fjordlandskapet rundt Lussand over året.

3.2. Biologisk mangfald

Det er verdifulle bekkekløfter og fosseberg i begge elvane, og det er registrert ein sårbar lav-art. Størst verdi er knytt til fosseberget i Stølselvi (A-verdi) og førekomsten av den sårbare arten Flatsaltlav der. Sidan dette ligg i Stølselvi nedanfor overføringa vil desse førekomstane oppleve auka vassføring. Naturtypene i Hedlarelvi er vurdert til B-verdi og her er registrert ein nær truga lav-art, *Bacidina inundata*. Overføringa vil føre til redusert vassføring her og truleg forverra levekår for artane. Det er registrert fossefall i vassdraget, reirkassar er planlagt som avbøtande tiltak. Det er registrert ein rik edellauvskog og fleire alm og ask, som begge er nær truga.

Dersom trea ikkje huggast er konsekvensen for biologisk mangfald vurdert å vere *middele negativ* og i hovudsak knytt til forverra levevilkår i bekkekløfter og fosseberg grunna redusert vassføring i Hedlarelvi.

3.3. Fisk

Det er ikkje gjort eigne undersøkingar for fisk. Det er mogleg for anandrom fisk å gå opp den nederste delen av elva. Kraftstasjonen er planlagt plassert ved vandringshinder for fisk.

3.4. Friluftsliv

Det er bygd veg opp til kote 400. Området vert nytta til friluftsliv av lokale.

3.5. Samfunn og andre brukarinteresser

Elvene vert nytta som vasskjelde for hus og ei hytte i nærområdet. Det vil etablerast ny vassforsyning frå tillaupsrøret frå kraftverket.

4. Vurdering

Søknaden er vurdert mot mål og strategiar i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 med tilhøyrande retningslinjer. Hordaland fylkeskommune har også vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern (4.2).

4.1. Overordna rammer

Klimaplan for Hordaland slår fast at å «vere ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi» er ein av hovudstrategiane for fylket i møte med klimautfordringa (strategi B). Strategien har følgjande relevante understrategi:

Strategi B: Vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi

4. Energiproduksjonen må skje med minst mogleg arealkonfliktar, og med omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland har følgjande retningsline som slår fast dei overordna rammene for utbygging av småkraft:

R1Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.

Tiltaket vil bidra til utbygging av ny fornybar energi. Vi vil i det følgjande sjå på konsekvensane av utbygginga for miljø og arealinteresser i området.

4.2. Kulturminne og kulturmiljø


Ut frå våre arkiv kjem det endra tiltaket ikkje i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Det aktuelle området har tidlegare ikkje vore undersøkt av arkeologar. Det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne i innmarksområdet sørvest for vegen. Det er eit visst potensial for funn i utmarksområda også. Registreringar i utmark generelt har dei seinare åra avdekket ei rekkje nye kulturminne knytt til utmarksressursane, som til dømes kulturminne knytt til gardsdrifta, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot.

Det gamle tun- og busetnadsområdet Giljarhus og gravhaugen, id. nr. 142950 og 142949, ligg om lag 70-80 meter nordaust og opp for næraste punkt for røyrgate, og vil ikkje verte berørt av tiltaket. Tunområdet er nemnt i gamle diplom fyrste gongen i 1293 og var Lyseklostergods fram til 1849. Elles er det ikkje SEFRAK registrerte bygningar nærare planlagt tiltak enn 20 til 40 meter, både når det gjeld røyrgate og stasjonsområdet.

Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminnelova. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bera kostnadane med ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i Kulturminnelova.

Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggest fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

4.3. Landskap og inngrepsfrie område (INON)



Figur 2 Utsnitt frå verdikart "fjordlandskap" i Fylkesdelplanen.

Lussand ligg i Hardangerfjorden som er vurdert å ha eit fjordlandskap av stor verdi. Størstedelen av influensområdet (sirkel) for utbygginga ligg innanfor fjordlandskapet (merkt raudt i Fylkesdelplanen).

Den opprinnelege søknaden fekk avslag delvis grunna fossane sine verdiar i fjordlandskapet. Søkjar har dokumentert fossane ved ulike vassføringar, sjå vedlegg. I denne søknaden vil søkjaren overføre delar av vatnet i den eine elva til den andre. På den måten vil den eine fossen bli eit større og hyppigare landskapselement, medan den andre vert mindre, men i følgje søkjar vil den ikkje misse sin verdi som landskapselement tilsvarande auken i verdien til den andre.

R3 Fjordlandskap

2. I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal leggje vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Hedlarelvi er ein flott foss og bidreg til å gjere området der Lussand ligg til eit landskap av stor verdi. Det er på den andre sida ikkje mange kraftutbyggingar her, så området har relativt mange elvar på dagar med høg vassføring. Overføring av Hedlarelvi vil og gjere Stølselvi til eit meir markant landskapselement frå vegen og fjorden, utan å fjerne fossen i Hedlarelvi heilt. Det er planlagt ei minstevassføring som vil vere tilstrekkeleg til at Hedlarelvi framleis er synleg.

Tiltaket vil nytte allereie eksisterande skogsvegar til anleggsarbeid og i stor grad leggje røyrgatene langs desse.

Slik tiltaket er utforma kjem det ikkje i konflikt med retningsline R3.

4.4. Biologisk mangfald

Det er registrert fleire naturtyper av middels og stor verdi innanfor prosjektområdet. Som del av dette er det registrert to raudlista lavartar, der den eine har status sårbar. Størst verdi er knytt til fosseberget og Flatsaltlaven i Stølselvi. Desse vil oppleve auka vassføring og truleg ikkje negative konsekvensar. Det er òg naturtypar av middels verdi i Hedlarelvi og desse vil få dårlegare tilhøve med redusert vassføring. Det er planlagt minstevassføring tilsvarande 10-persentil i Hedlarelvi. Dette kombinert med reirkassar til fossekall vil vere tilstrekkelege avbøtande tiltak til å dekkje retningsline R5 1b og 3. Fosseberget i Stølselvi er den einaste registrerte naturtypen av stor verdi, og det er ikkje planar om røyrgrater eller anleggsveger i dette området. Det er likevel viktig å poengtere at utbyggar må ta omsyn til dette. Det same gjeld edelauskog og nær truga lauvtre i området.


R5 Biologisk mangfald

1. b) Tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi (jf. verdivurdering av raudlisteartar, naturtypar og truga vegetasjonstypar som framgår av dei nasjonale retningslinene for små vasskraftverk), må påreknne pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten.
3. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossekall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. (...) For fossekall kan oppsetting av eigne reirkassar vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.
4. Etablering av røyrgrater og anleggsveg må ikkje føre til vesentlege inngrep i naturtypar av stor verdi.

4.5. Fisk

Det er ikkje registrert fiskeinteresser i elvane.

4.6. Friluftsliv



Figur 3 Utsnitt av verdikart "friluftsliv" frå Fylkesdelplanen.

Øvre del av prosjektområdet ligg i friluftsområdet Kalvbakkehøgdi / Gråfjell, eit registrert friluftsområde med noko verdi. Verdiane er knytte til opplevingskvalitetane i landskapet og at det er lite inngrep. Området er vurdert å ha lite bruk, vere lite tilgjengeleg eller eigna som friluftsområde.

5. Oppsummering og tilråding

Dei regionale planane er positive til utbygging av fornybar energi, der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivaretekne. Tiltaket vil bidra med 5 GWh ny fornybar energi. I tillegg vil prosjektet bidra med biinntekter til grunneigarar og lokalsamfunn. Krafta er ikkje regulerbar og tiltaket har somme ulemper for andre interesser. Prosjektet vil ha negative konsekvensar for livet i Hedlarelvi som overførast til Stølselvi. Vidare vil tiltaket redusere inntryksstyrken i fossen i Hedlarelvi. Avbøtande tiltak med minstevassføring i Hedlarelvi vil redusere konfliktgraden både med omsyn til biologisk mangfald og landskap. Overføring av Hedlarelvi til Stølselvi vil auke storleiken på og kor ofte fossen i Stølselvi vert eit viktig landskapselement. På bakgrunn av dette vil vi rå til prosjektet.